



Foto: Merete Byre-Haakensen

Reglement - formannskapet

KOMMUNESTYRET 30.11.2021

Innhald

1. Møte og innkalling.....	3
2. Protokoll.....	3
3. Skolering.....	3
4. Forholdet mellom formannskapet og administrasjonssjefen.....	3
5. Openheit og brei involvering i prosessar.....	4
6. Mindetalanke.....	4

1. Møte og innkalling

Møte i formannskapet er lagt inn i møteplan som er vedteke av kommunestyret.

Innkalling til møte skal innehalde opplysning om tid og stad for møtet, sakliste og saksdokument.

Innkallinga skal som hovudregel kunngjerast med ein frist på 7 dagar (innkallingsdagen medrekna), når lova ikkje krev anna kunngjeringsfrist.

Formannskapet har høve til å halde møte som fjernmøte.

Formannskapet kan avtale ekstra møte utover møteplan, og møtekalender skal oppdaterast på heimesida.

Gyldig forfall til møte skal meldast til ordførar, med kopi til postmottak.

2. Protokoll

Det skal førast protokoll frå formannskapet i tråd med kommunelova § 11-4. Innspel til dagsorden skal fremjast skriftleg til ordførar innan tre vyrkedagar.

Referat frå drøftingane skal normalt ikkje førast inn i protokollen.

I formannskapet i Lom er det etablert praksis med at møte blir avslutta med "open time" der ordførar, formannskapet sine medlemmar og administrasjonssjef kan informere om aktuelle saker sidan sist møte. Spørsmål bør som hovudregel fremjast skriftleg i forkant av møtet. Forslag til vedtak skal fremjast skriftleg og voterast over.

3. Skolering

Formannskapet sine medlemmer skal i løpet av fyrste år etter kommunestyreval delta i folkevaldopplæring.

4. Forholdet mellom formannskapet og administrasjonssjefen

Kommunelova av 2018-06-22 har eit tydeleg skilje mellom dei folkevalde og administrasjonen i kommunane. Formannskapet må protokollere dei vedtak som blir fatta og dei orienteringane dei ynskjer frå administrasjonssjefen. Forslag om utreiinga skal fremjast skriftleg og voterast over.

5. Openheit og brei involvering i prosessar

I arbeidet innanfor sitt verkeområde skal formannskapet streve for openheit og involvering for å gjennom det skape engasjement med brei involvering i arbeidet. Dette gjeld også involvering av andre råd og utval før innstilling blir fremma for kommunestyret.

Formannskapet kan sende saker til høyring i Levekårsutvalet og Samfunnsutvalet før dei innstiller for kommunestyret.

6. Mindetalanke

I saker kor eit politisk organ er delegert vedtaksmynde frå kommunestyret eller formannskapet, kan eit mindretal på 2, ordføraren eller administrasjonssjefen krevje saka lagt fram for det organ myndet er delegert frå.

Anka må ein krevje før avslutning av saka, det vil seie etter røysting, men før handsaming av neste sak.

Handsaminga av mindretalsanka i organet myndet er delegert frå, vil starte med røysting over om anka vert teke til følgje.

Moglegheita til å fremje mindretalsanke gjeld ikkje for enkeltvedtak dersom forvaltningslova er til hinder for omgjerung av vedtak, jf. forvaltningslova § 2 a) og b), jf. § 35.